

Ta ein limerickpille om dagen!

07.09.2013



Eg har forska på språk og kontakt

og om tale kan medføra makt.

Her er resultatet:

Det er enkelt å prate

men verre å få noko sagt

Dette er ein faktisk svært aktuell smaksprøve frå uskedelingen Olaf Agnar Gausvik si nye bok. Hans muntre og treffsikre penn har denne gongen prestert ein form for kalender med ein limerick for kvar dag i året, skotårsdagen medrekna. I føremiddag selde hans gode venn og tidlegare lærarkollega Thor Inge Døssland (biletet) boka på SPAR og responsen var god.

Forståeleg nok har Gausvik vore relativt varsam med å eksponera stader og konkrete personar, men eg aksepterar denne sjølv om den omtalar bygda som underteikna er født i:

Det var seg ein husbond på Grue

som støtt kalla kona 'mi due'.

Men han angra seg fort

for fuglen flaug bort

og kom aldri heimatt til buet

Forfattaren tilbringer store deler av livet sitt i Polen og mange spør om han ikkje kjem heim snart. Det gjer han nok ikkje, hvis me skal ta denne strofa høgtideleg:

I Gdynia har dei ein bar

av øl seier dei at dei har

over eitt hundre merke,

både lette og sterke

mi heimreis blir i februar

Forfattaren slår fast av limerickar bør nytast i små dosar. Difor er dette nok for denne gongen. Men kjøp gjerne boka, og få ei fornøyeleg stund kvar dag!

Av Ola Matti Mathisen